



## BACHELORSTUDIUM I MEDIUM- OG MATERIALBASERT KUNST OPPTAK TIL STUDIEÅRET 2019/2020

Søknadsfrist: 1. april 2019

Fyll ut vedlegget elektronisk, lagre det (som «BAMMK2019-soknadsvedlegg.pdf») og last det opp i SøknadsWeb:  
<https://fsweb.no/soknadsweb/login.jsf?inst=khio>

Les søknadsrettleiinga på side 3 og 4 grundig før du fyller ut dette søknadsvedlegget.

### Personopplysningar

Etternamn	Fornamn (og mellomnamn)	6-sifra søkjarnummer*
-----------	-------------------------	-----------------------

\*Søkjarnummer finn du i e-postkvitteringa du får etter å ha registrert deg på SøknadsWeb

### Norskkunnskapar (sjå rettleiing på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på norskkurs for tida, eller kan du dokumentere norskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

### Engelskkunnskapar (sjå rettleiing på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på engelskkurs for tida, eller kan du dokumentere engelskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

### Generell studiekompetanse (GSK, sjå detaljar i søkjarrettleiinga) – set kryss, eller forskule/forutdanning

Eg har GSK og har lasta opp skanna vitnemål	Eg har ikkje GSK, men vil søkje likevel	Eg oppnår GSK i søknadsåret
Eg har (ev.) gått på følgjande forskule/forutdanning innanfor visuelle fag:		

### Fordjupingsområde

Vel fordjupingsområde, maks to. Set eit eitt-tal for første prioritet og eventuelt eit to-tal dersom du vil søkje to fordjupingsområde.

Grafikk og teikning	Metall- og smykkekunst	Tekstil	Keramikk
---------------------	------------------------	---------	----------

### Portefølje – oversikt

Nr.	Bilde/video/lyd/tekst	Produksjonsår	Materiale/Teknikk	Tittel/Tema	Dimensjonar	URL (J/N)
1.						
2.						
3.						
4.						
5.						
6.						
7.						
8.						
9.						
10.						



Eventuell lenkje til nettside med lyd- eller videofil som er for stor til opplasting	Nr. (i samsvar med oversikta over):
--	-------------------------------------

### Sjekkliste

Eg har lasta opp følgjande dokument i SøknadsWeb (set kryss):

Sjå rettleiinga for nærmare informasjon.

Kryss av	Dokument	Filnamn	Format	Dokumentkategori i SøknadsWeb
	Søknadsvedlegg (dette dokumentet)	<i>BAMMK2019-soknadsvedlegg.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Dokumentasjon av GSK	<i>Vitnemål-GSK.pdf</i>	PDF	<i>Vitnemål/ karakterutskrift</i>
	Dokumentasjon av norskkunnskapar	<i>Norsk.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Dokumentasjon av engelskkunnskapar	<i>Engelsk.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Eit representativt portrettbilde av deg sjølv	<i>Portrett.jpg</i>	JPEG	<i>Andre dokument</i>
	CV	<i>CV.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Portefølje	<i>BAMMK2019-01.jpg osv.</i>	JPEG/MP4/MP3	<i>Andre dokument</i>
	Motivasjonsbrev	<i>BAMMK2019-motivasjon.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>

### Historikk

Har du søkt Kunsthøgskolen i Oslo tidlegare? Gi opp år og studium:

### Kvar blei du informert om Kunsthøgskolen:

- Nettsida
- Nyheitsbrev
- Agenda
- Open skule
- Forskule/forutdanning
- Skulebesøk frå kunst og handverk
- Offentleg forelesing
- Annonse
- Studentar eller alumni
- Professorar eller gjestelærarar
- Anna

### Erklæring

I det du søker, erklærer du samtidig at all informasjon som du har registrert, er korrekt, og at dokumenterte arbeid og andre dokument er dine egne. Vidare erklærer du at e-postadressa som du har oppgitt på SøknadsWeb, blir lesen av deg. Du er ansvarleg for å lese det som blir sendt av opptaksinformasjon frå Kunsthøgskolen i Oslo til denne e-postadressa.



## SØKNADSRETTLEIING

For å søkje på studiet må du registrere deg på nettportalen SøknadsWeb:

<http://khio.no/intranett/for-studenter/studieinformasjon/veiledning-til-soknadsweb>

### Opptakskrav

Kriterium og krav som blir lagde til grunn under opptaksprosess:

- Motivasjon for studiet
- Kunstnariske forkunnskapar
- Kunstnarisk modenheit og utviklingsevne
- Refleksjons- og formuleringsevne

Opptak skjer på grunnlag av dei vurderingane som opptakskomiteen kjem fram til etter intervju med søkjaren. For å bli teken opp til studiet må du ha generell studiekompetanse. Unntak frå krav om generell studiekompetanse kan gjerast for søkjarar som gjennom opptaksprøven dokumenterer spesielle faglege kvalifikasjonar. Føresetnaden er at søkjaren meistrar både norsk og engelsk på lik linje med søkjarar som har generell studiekompetanse.

### Generell informasjon

Studiet i heilskap vender seg til studentar som har evne og interesse for å arbeide med kunst innanfor fagområda som studiet omfattar. Vurderinga blir gjort av ein tverrfagleg komité som består av interne medlemmer frå fagområda, minst éin ekstern representant, og dessutan ein studentobservatør.

Opptaket skjer i to fasar.

- Fase 1: Innsending med dokumentasjon av kunstnariske arbeid og motivasjonsbrev (frist 1. april). Komiteen vurderer innkomne materiell og uttak til fase 2 av opptaksprosessen.
- Fase 2: Utvalde søkjarar blir innkalla til intervju, som blir gjennomførte i perioden 20. til 23. mai. Overfor komiteen legg søkjaren fram eitt kunstnarisk arbeid som han/ho har teke med seg.

### Norskkunnskapar

Undervisninga føregår normalt på norsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn (bachelorgrad, vidaregåande skule eller grunnskule) frå nordiske land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på norsk språkkompetanse.

Søkjarar med utdanningsbakgrunn utanfor Norden må dokumentere at dei meistrar norsk.

Språkkunnskapar i norsk kan dokumenterast med Bergenstesten, <http://www.folkeuniversitetet.no/>, eller med norsk for utlendingar frå universiteta.

Det er òg mogleg å dokumentere norskkompetanse på annan måte enn det som er nemnt over.

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp, på side 1.

### Engelskkunnskapar

Det er ein føresetnad at søkjarar meistrar engelsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå nordiske land eller frå engelskspråklege land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på engelsk språkkompetanse.

Språkkunnskapar i engelsk kan dokumenterast med f.eks. IELTS, <http://www.ielts.org/>, eller TOEFL, <http://www.ets.org/toefl>.

Det er òg mogleg å dokumentere engelskkunnskapar på annan måte enn det som er nemnt over.

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp på side 1.



## Motivasjonsbrev

Du må laste opp eit motivasjonsbrev på maks 1 A4-side der du svarar på følgjande spørsmål:

1. Kvifor vil du studere kunst, og kvifor har du valt bachelor-programmet ved avdeling kunst og handverk?
2. Forklar kort din arbeidsmetode/prosess, og grunngi di tilknytning og ditt ønske om å utforske fagområdet du søker deg til.
3. Beskriv eit av dei tidlegare kunstverka dine, og beskriv gjerne kva du har oppnådd gjennom/med arbeidet.
4. Kva for kunstverk, person, tekst eller situasjon vil du framheve som viktig for deg? Fortel kvifor.

## Portefølje – retningslinjer

- Porteføljen skal innehalde dokumentasjon av sjølvstendige kunstnariske verk/utviklingsarbeid.
- Søklarar vel sjølv kva dei vil dokumentere, relatert til søknad.
- Dokumentasjonen kan vere visuell, skriftleg eller i anna relevant form.
- Ein kan søkje med inntil 10 verk (inkludert tekstverk, video og lyd)
- Filene skal vere i formata som er nemnde under, dei skal lastast opp i SøknadsWeb og merkjast i den rekkefølga du ønskjer å få presentert arbeida for opptakskomiteen
  - Studieprogramkoden først: Bachelorstudium i medium- og materialbasert kunst = BAMMK, deretter årstalet.
  - Eksempel: *BAMMK2019-01.jpg*, *BAMMK2019-02.mp4*, *BAMMK2019-03.mp3* til f.eks. *BAMMK2019-10.jpg*.

Materiale	Format	Lengde/Størrelse
Video	MP4	Maks 5 min. samla for video/lyd, maks 15 MB per fil
Bilde	JPEG	72dpi (oppløysing tilpassa vising på skjerm), maks 15 MB per fil
Lyd	Mp3	Maks 5 min. samla for lyd/video, maks 15 MB pr fil
Tekst	PDF	Maks 15 MB per fil

Vidare krav til materialet:

Størrelsen på dei opplasta filene kan ikkje vere meir enn 100 MB til saman. Vi ser helst at vedlegga har ei oppløysing som er meint for å visast på skjerm, og ikkje har for høg oppløysing og størrelse. Det er opna for at ein kan sende inn både bilde, tekst (som PDF), video og lyd. I søknader som inneheld både video og lyd, er fem minutt maks lengde totalt for alle video-/lydfiler. For eksempel kan ein sende inn to videofiler og tre lydfiler som kvar varer eitt minutt. Video/lyd som varer utover desse fem minutta, blir ikkje presenterte for opptakskomiteen.

Dersom du har video- eller lydfiler som er større enn 15 MB, må du laste desse filene opp online, f.eks. på heimesida di, Vimeo, YouTube eller liknande. Hugs å lenkje til sida du har lasta opp arbeidet ditt på i søknaden, og set J i kolonnen URL i porteføljeoversikta. *Du er sjølv ansvarleg for at nettadressa er riktig skriven, at nettsida fungerer, og at arbeidet kan visast i ein vanleg nettlesar.*

## Dokumentopplasting

For at søknaden skal vere fullstendig, blir det kravd at du lastar opp eit sett med dokument. Last desse opp under *Mine dokument* i SøknadsWeb. Sjå detaljar i sjekklista på side to og i rettleiinga på side tre.

Når du lastar opp dokument, blir du bedd om gi opp frå-dato og til-dato. Dette er først og fremst meint for utdanning. Når det gjeld andre dokument, for eksempel det obligatoriske søknadsvedlegget og dei kunstnariske arbeida, kan du setje datoen då fila sist blei endra. Det er berre frå-datoen som er obligatorisk, dette er markert med ei raud stjerne. Obs: Datoen må vere eldre enn dagens dato.

Du kan logge deg på fleire gonger og leggje til ny informasjon og laste opp nye dokument heilt fram til og med søknadsfrist-datoen. Når søknadsfristen har gått ut, kan du ikkje lenger endre noko i søknaden din.

Obs! På grunn av potensiell ustabilitet i alle typar nettenester ber vi deg laste opp dokumenta dine så fort du har moglegheit, ikkje vent til nokre timar eller minutt før fristen går ut. Prøv igjen om ei stund dersom SøknadsWeb skulle vere nede på eit tidspunkt.

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Facebook: <https://www.facebook.com/KunsthogskoleniOslo>  
Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Twitter: <https://twitter.com/khiotweet>